

MODALEN FOLKEBIBLIOTEK  
c/o Modalen kommune Postboks 44  
5732 MODALEN

**Avdeling for  
Kultur og folkehelse (KFO)**

---

|                         |                       |
|-------------------------|-----------------------|
| <b>Dato</b>             | 20.06.2023            |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/20100-66         |
| <b>Dykkar referanse</b> |                       |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Kari Skibenes         |
| <b>E-post</b>           | Kari.skibenes@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 90973941              |

## **Godkjenning av sluttrapport**

Vi har motteke sluttrapport frå Modalen kommune for prosjekt kalla «Levande arrangement i kryssingspunkt mellom samfunn og litteratur». Tiltaket vart løvd 20 000 kroner frå tilskotsordninga tilskot til prosjekt og kompetanseheving i 2022.

Det går fram av sluttrapporten at berre eitt av to planlagde arrangement i prosjektet vart gjennomført. Eit arrangement med Anne Karin Fonneland om Olav H. Hauge og klimakrisa vart gjennomført som planlagt, og kommunen valte ikkje å gjennomføre det andre arrangementet sidan ein ikkje nådde målgruppa slik ein hadde håpa.

Vi stadfestar at rapport og rekneskap for det gjennomførte arrangementet er godkjent, og avkortar tilskotet til 10 000 kroner.

Tilskot på 10 000 kroner vert utbetalt etter at Modalen kommune har sendt faktura i EHF-format. Informasjon om fakturering til Vestland fylkeskommune finn de på <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/sende-faktura-til-vestland/>

Merk faktura med ressursnr. 10169, saksnr. 2022/20100 og prosjektnr. 400331.

Med helsing

**Elin Golten**  
seksjonssjef  
KFO - Bibliotekutvikling

**Kari Skibenes**  
seniorrådgjevar  
KFO - Bibliotekutvikling

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*